

Tilskotsordning for kollektiv kompetanseutvikling i barnehage og grunnskule

Ny ordning frå 1. januar 2026

Frå 1. januar 2026 trer ny tilskotsordning for kollektiv kompetanseutvikling i barnehage og grunnskule i kraft. Den erstattar *regional ordning, desentralisert ordning og kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis*.

Mål

Ordninga skal bidra til at barnehage- og skuleeigar har eit likeverdig tilbod som fremmer læring, utvikling og trivsel hos alle barn, elevar og vaksne deltakarar.

Ordninga skal bidra til å byggje kompetanse for å:

- ivareta det samiske perspektivet
- forebygge utanforskap
- fremme inkludering
- tilby eit tilpassa pedagogisk tilbod til alle barn og elevar.

Tilskotsordninga er forankra i strategi for kompetanse- og karriereutvikling for tilsette i barnehage og skule ([System for kompetanse- og karriereutvikling for ansatte i barnehage og skole](#)).

Målgruppe

Målgruppa for kompetansetiltaka er barnehagelærarar, lærarar, leiarar og andre tilsette i offentlege og private barnehagar, SFO, grunnskular og førebuande opplæring for vaksne. I tillegg inngår tilsette i PPT, kulturskulen og andre tverrfaglege tenester i kommunane i målgruppa.

Forvalting av ordninga

Statsforvaltaren skal etter § 7 i forskrifta mellom anna:

- Etablere samarbeidsforum (SAFO) i fylket (bokstav a.)
- Følgje opp arbeidet i SAFO (d.)
- Ta imot rapportar frå tilskotsmottakarane og oppsummere desse (g.)
- Legge vesentleg vekt på SAFO sin langsiktige plan og sjå til at prioriteringane er i tråd med kriteria i forskrifta (§ 4).

Forslag til ny struktur for samarbeidsforum (SAFO)

Kort om strukturen

- Eitt samarbeidsforum i Møre og Romsdal.
- 12 medlemmar med personleg vara i same rolle.
- Vi tar utgangspunkt i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus sin organisering. Les meir her: [Tilskuddsordning for kollektiv kompetanseutvikling](#).



Bakgrunn for valet av struktur/prosess til no

Våren 2025 sendte Statsforvaltaren ut ei undersøking til alle medlemmane i samarbeidsforumene. Innspel frå spørjeundersøkinga gav eit signal om at ordninga med fire SAFO-ar bidrar til dårleg informasjonsflyt og lite samordning. Mange peikte på store variasjonar og lite felles praksis.

Det blei tilrådd å etablere eitt overordna samarbeidsforum i fylket, med forankring i kompetansenettverk eller regionale undergrupper (arbeidsgrupper).

Vurderingane bak utvalet av medlemmar

Vi har prioritert å halde talet på medlemmar på eit lågt nivå. Med 12 medlemmar totalt vil vi ha eit forum som er meir egna til å løyse oppdraget frå 2026.

I innstillinga vår foreslår vi ei samansetning med fire representantar frå offentlege og private barnehage- og skuleeigarar, inkludert kommunen som barnehagemyndigheit. Universitets- og høgskulesektoren er representert med fire plassar. Sidan Høgskulen i Volda står bak majoriteten av partnerskapa i Møre og Romsdal, får dei tilbod om to av plassane. Dei to resterande plassane går til Dronning Mauds Minne Høgskole og NTNU.

Med fire frå eigar- og myndigheitsnivået og fire frå UH-sektoren, meiner vi at innstillinga gir ei god og balansert fordeling mellom dei sentrale partnerane i ordninga.

Utdanningsforbundet er den arbeidstakarorganisasjonen som representerer flest i ordninga, så dei får to plassar. I tillegg får Fagforbundet ein plass. Dei er den største arbeidstakarorganisasjonen for dei andre tilsette.

Vi har valt å ta med ein eigen representant frå PPT. Det er viktig at det spesialpedagogiske perspektivet framleis står sterkt i ordninga.

Oppgåvene til SAFO

- SAFO skal utarbeide ein langsiktig plan med prinsipp for fordeling av tilskotsmidlar, i tråd med tildelingskriteria i § 4 og føringane i § 9.
- SAFO skal drøfte forslaget frå Statsforvaltaren til årleg fordeling av tilskotsmidlar.

Foreløpig framdriftsplan

2025

Månad	Tiltak
November	Statsforvaltaren (SF) sender ut eit forslag med høyringsfrist til alle medlemmane i SAFO. Siste høyringsfrist: 5. desember.
Desember	Møte (digitalt) mellom SF og leiarane i SAFO om ny tilskotsordning. - Organisering av ordninga i Møre og Romsdal. - Ny forskrift. - Framdrift våren 2026.

2026

Månad	Tiltak
Januar	SAFO-møte. - Konstituere forumet. - Arbeidsmetode og fordeling av ansvar. - Presentere/repetere forskrifta. - Overordna dokument og vidare prosess.
Februar	Frist behovsmelding (15.02)
Mars	SAFO-møte - Drøfte innstilling til fordeling av tilskotsmidlar. SF gjer vedtak om tildeling.
April	Heildagsamling (?) : Mål og oppgåver. Behovskartlegging. Langsiktig plan.
Mai	SAFO-møte (digitalt?) : Evaluering av første halvår i ny ordning.
Juni	Partnerskapsrapportering til SF på tildelte midlar i 2025.
Juli	
September	SAFO-møte : Strategiske og langsiktige prioriteringar for kompetanseutvikling i Møre og Romsdal.
Oktober	
November	SAFO-møte : Førebu 2027.
Desember	

Spørsmål til innspel

Vi vil gjerne ha innspel på dette brevet før 5. desember. Kva tenkjer du om det som er presentert i dokumentet?

Når vi no både er forseinka frå UDIR i prosessen fram mot årsskiftet, og det er kort tid til neste tildeling, har vi ikkje kapasitet til å vurdere alle forhold på nytt. Slik vi ser det ligg hovudstrukturen med eitt samarbeidsforum fast. Men vi tar imot innspel til forbetring og justering innanfor hovudstrukturen. Det er viktig å få innspel på roller og ikkje namn i denne fasen.

1. Har du innspel på samansetninga av det nye samarbeidsforumet?

Statsforvaltaren legg opp til at vi bruker dei kompetanseplanane og dei langsiktige kompetanseplanane som allereie er laga til søknadene i 2026, og at vi ikkje stiller som krav at de fire regionane skal ha ferdig langsiktige planar til 2026. Dei fire regionane har kome veldig ulikt i sine prosessar.

Vi legg opp til at det nye SAFO skal lage ein ny overordna langsiktig plan for Møre og Romsdal i løpet av første halvår 2026. Målet er å ta den i bruk frå hausten 2026.

2. Er du einig i at vi i 2026 tar utgangspunkt i den kartlegginga som allereie er gjort i dei fire regionane i Møre og Romsdal?

Vi er opne for at det kan vere fint å ha arbeidsgrupper som bidrar til SAFO. Det er viktig at arbeidsgruppene fremjar alle interessene frå heile fylket inn i SAFO. Ei løysing er at dei fire regionale kunnskapsnetta dannar kvar si arbeidsgruppe. Arbeidsgruppene sitt mandat vil t.d. vere å kartlegge og sende inn lokalt kompetansebehov til SAFO og Statsforvaltaren, samt hjelpe Statsforvaltaren å gjere ordninga kjent lokalt.

3. Korleis bør vi organisere og setje saman arbeidsgruppene slik at dei bidrar til arbeidet i SAFO?

I denne fasen ønsker vi gjerne også andre innspel som går på dei overordna prinsippa for ordninga. Vi ønsker også innspel på framdriftsplanen over.

4. Har du andre innspel eller tankar om den foreløpige framdriftsplanen fram til sommaren 2026? Har du andre innspel eller forslag til forbetringar i modellen?

Høyringsfrist til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal: **5. desember 2026**. Svar på høyringa her: [Innspel til framtidig organisering av Samarbeidsforum i Møre og Romsdal](#).

Med helsing

Mari J. Otnes

Stig Ove Andersen

Kim Hugo Nyheim



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal